



SUND KOMMUNE

Dok.dato: 22.09.2011

Vår Ref: 2008002675-313

Arkiv: N-101.3

KOMMUNEPLANEN – SAMFUNNSDELEN

Framlegg etter høringsrunde

Innleiing.

Kommuneplan for Sund 2003 – 2013 set opp mål og trekkjer opp hovudliner som kommunen skal styrast etter i tida framover. Måla er langsiktige, og vert konkretisert i andre kommunale styringsdokument som økonomiplan, delplanar for tenesteområda, budsjett og verksemdsplanar.

Kommunen sitt 4-årige handlingsprogram kjem fram i den årleg revideringa av økonomiplanen.

I denne rulleringa av kommuneplanen er det lagt mest ressursar i å få ein oppdatert arealplan, slik at administrasjon og politikarar skal få eit betre styringsdokument til beste for innbyggjar og næringsliv.

Til arealdelen er det utarbeidd fleire vedlegg som er meint å gje fagleg grunnlag til arealpolitikken i kommunen:

- Estetikk og byggeskikk i plan – og byggesaker
- Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Sund kommune
- Landskapet i Sund
- Konsekvensvurdering av nye arealformål i kommuneplanen 2011 – 2022
- Risiko og sårbarheitsanalyse for nye tiltak

Desse delplanane avløyser tema Estetikk og Lokal agenda frå noverande plan.

Når det gjeld samfunndelen av planen er det gjort nokre mindre endringar for å gjere planen meir på høgde med utviklingstrekk i kommunen og kommunale delplanar utvikla dei siste åra. Desse endringane har fått plass under overskrifta hovudretningsliner.

Eit av områda som sentrale styresmakter stiller større krav om at vert prioritert frå kommunane er folkehelsearbeidet. Målet for folkehelsepolitikken er å oppnå auka levealder med god helse og utjamne helsetilstanden mellom grupper i befolkninga. Innsatsområda for å nå måla er auka fysisk aktivitet med meir fokus på spørsmål kring ernæring, rus og psykisk helse.

Eit anna område som vert prioritert i planen er samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen si planlegging skal fremje samfunnstryggleik. Tiltak for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse og miljøverdiar skal vektleggast i i planlegginga. Det same gjeld tiltak for å skade på viktig infrastruktur og andre materielle verdiar. Dei formelle lovkrava til kommunen si planlegging i høve til samfunnstryggleik er vesentleg skjerpa dei seinare åra.

Barn og unge har framleis ein sentral plass i planen. Kommuneplanen understrekar at det er viktig å satsa ressursar på denne gruppa ved å leggja til rette for gode oppvekstmiljø.

Ei positiv utvikling i bygdene er planen si viktigaste målsetting. Utvikling av senterområdet er meint å støtte opp under utvikling i bygdene.

Sund kommune er inne i ei positiv utvikling på fleire område:

- Folketalet er aukande, unge familiar vel å etablera seg i kommunen
- Kommunen har fått løyst store oppgåver med vegutbetring, vatn og avlaup og trafikksikring i samarbeid med statlege og regionale aktørar.
- Kommunen har hatt ei offensiv barnehageutbygging og kan no tilby brukarane gode barnehagar i heile kommunen
- Det vert investert i utbygging av Stranda skule med idrettsanlegg for barneskulen og ungdomsskulen. Anlegget vil bli storstove for heile krinsen.
- Det vert satsa store ressursar på å førebygga vanskar blant barn og unge med Førebyggingsprosjektet og Ungdomskontoret som dei synlege resultata.
- Det er god utvikling på kulturområdet, med festivalar, bygdebok og oppstart av rockeklubben som døme på aktiviteten.
- Det er etablert eit godt samarbeid mellom kommunane i region vest med eit mål om å få løyst viktige samfunns – og utviklingsoppgåver for heile regionen. Døme på slike oppgåver er samhandlingsreforma, barnevern, reiseliv og IKT.
- Det er under etablering eit seniorsenter i kommunen som kan få stor verdi for dei eldre i kommunen
- Senterområdet er i utvikling med etablering av apotek, helsehus og treningssenter
- Hotell med stort konferansesenter er under oppføring

Lovgrunnlag

Etter reglane i Plan – og bygningslova frå 2008 pliktar kommunen å utarbeida kommuneplan.

I § 11 – 1 vert det sagt at kommunen skal utføra ei løpande planlegging med sikte på å samordna fysisk, økonomisk, sosial og kulturell utvikling innanfor sine område. I § 11 – 6 er det slått fast kva rettsverknad planen vil få.

Hovudmål:

I Sund kommune er det eit hovudmål å få innbyggjarane til å ta medansvar for utviklinga – slik at me tek vare på kvarandre gjennom heile livsløpet og skapar eit miljø folk synest det er triveleg å bu i.

Kommunen si viktigaste oppgåve er å leggje grunnlaget for at innbyggjarane skal ha god livskvalitet.

Utfordring

Etter tusenårsskiftet har Sund hatt ein sterk auke i folketalet. Unge familiar har etablert seg i kommunen med nye hus i godt tilrettelagte byggjefelt, og det har ført til eit positivt fokus med bygging av nye barnehagar og auke i elevtalet på nokre av skulane.. Det meste av bustadbygging

har vore sentrert om krinsane Stranda, Skogsvåg og Pollen. Utbygging av infrastruktur med betre vegar, trafikksikring, breiband og vatn og avlaup vil gjere det attraktivt å busetja seg i heile kommunen. Rulleringa av planen tek omsyn til dette ved at det vert avsett område for bustadbygging i alle bygdene.

Dei siste åra har det vore arbeidd med å utvikle ein plan for sentrumsområdet i Sund. Hovudgrepet i planen er å leggje til rette for at Skogsskiftet kan utvikla ein ny identitet, og leggje til rette for vekst og utvikling i Skogsskiftet.

I planen legg ein til rette for opprusting av eksisterande sentrum og ei høgare utnytting av tomtene. Ei fornying av det fysiske miljøet gjer det mogeleg å få fram ny arkitektur som kan medverka til at tettstaden vert meir attraktiv både for kommunen sine innbyggjarar og for tilreisande. I senterområdet foreslår planen at det vert lagt til rette for ei blanda utbygging som er meint å gje staden liv større delar av døgneret., med kafear, kultur – og fritidsaktivitetar og bustader som døme på slike.

Utfordringa i planperioden blir å ta planen frå teiknebrettet og idestadiet til realisering i marka. Korleis kan kommunen utvikla området i eit lengre tidsperspektiv innanfor rammene av ein heilskapeleg plan ?

Dersom senterområdet skal få den utviklinga som planen legg opp til, må kommunen spela ei aktiv rolle som pådrivar og tilretteleggjar i forhold til næringsliv og miljø som kan bidra til vekst og utvikling av området.

Hovudretningsliner

1. Til beste for mennesket

Eit positivt menneskesyn skal prega kommuneutviklinga. Vi har tru på at innbyggjarane ynskjer å medverke til beste for fellesskapet, og at egoisme, konsum og statusjag ikkje får dominera samfunnsutviklinga.

Våre kristne / humanistiske tradisjonar kan inspirera til større medvit på menneskelege livsverdiar - særleg når det gjeld dei minst taleføre og mest sårbare. Likeverd uansett status, rase, tru, evner og alder skal prege tiltak og haldningar på alle plan.

Heim og familie er eit fundamentalt satsingsområde. Nærmiljø og oppvekstvilkår må stimulera positiv foreldreidentitet og trygg heimeatmosfære. Det er særleg viktig at barn og unge vert prioriterte av sine næraste. I nærmiljøtenkinga må ein ta med alle innbyggjarane sam kva familiestatus eller livssituasjon dei har.

Globalisering og situasjonen ute i verda påverkar også livet i Sund. Mottak av flyktingar og etablering av asylmottak i kommunen gjer det meir aktuelt å vera opne for ulike livssyn og og andre kulturelle verdiar. Medvit om kvar vi sjølve står set oss meir i stand til å ta andre på alvor.

2. Nærmiljøinnsats

Livskraftige nærmiljø er fundamentet i ein god kommune. Sund kommune vil gjennom sin organisasjon og sine budsjett stimulera til eit nært samarbeid med nærmiljøa – både einskildpersonar, grupper, lag og organisasjonar.

Sund kommune skal støtta opp under positive tiltak i lokalmiljøa. Ein skal byggja vidare på ei positive erfaringane ein har med ressurskoplingsprosjekt, der kommunen og lokalmiljøa går saman om å løyse felles oppgåver.

I bustadpolitikken skal det leggjast til rette for ei positiv utvikling i heile kommunen. Dette skal synleggjerast i arealplanen ved at det vert sett av område til bustadbygging i alle bygdene.

Talet på einbustader i kommunen er høg. Dei fleste som etablerer seg i kommunen ynskjer einbustad. Men i framtida vert det viktig å få bygd fleire konsentrerte buløysingar i senterområdet for å skape ein mangfaldig lokalsamfunn som inkluderer alle behov.

3. Berekraftig utvikling

Miljø og klima står på dagsorden og Sund kommune skal stå fram som ein kommune som tek ansvar og som jobbar for ei økologisk berekraftig utvikling lokalt og globalt. Dette er synleggjort i *Energi og klimaplan 2010 – 2013*.

Frå 2010 er kommunen *Miljøfyrtårnkommune*. Dermed kan private og offentlege verksemdar som legg til rette for ein viss standard på miljøet på arbeidsplassen søkja om å verta sertifisert som Miljøfyrtårnverksemd.

Sund kommune skal fremja eit økologisk forsvarleg forbruksmønster og rettferdig fordeling mellom nolevande og framtidige generasjonar.

4. Næringsutvikling - reiseliv

Sund kommune har få arbeidsplassar innanfor eigne grenser. Det er ei målsetting å arbeida aktivt for å skape grunnlag for fleire arbeidsplassar i kommunen.

Utbetring av vegnettet, vatn og avlaup og etablering av breiband vil kunna ha positiv effekt for etablert næringsliv, og stimulere til nyetablering.

Forsterka folkevekst vil og ha positiv effekt på næringslivet og føre til styrking av senterutviklinga i kommunen. Døme på nyetableringar som følgje av folketalsvekst er apotek og planlagt treningssenter.

Nytt stort konferansesenter og utviding av hotellkapasiteten i kommunen vil saman med satsinga Kysteventyret gjera kommunen meir attraktiv for kurs og konferansar, og som reiselivsdestinasjon basert på kystkultur. Det er ei kommunal oppgåve å stimulera til utvikling

på feltet med deltaking i utviklingsprosjekt og bidrag til koordinering og samordning av ulike satsingar og initiativ.

Den marine næringa står sterkt i Sund, men har stort potensial for vidare utvikling. Samarbeid mellom næringa, Gode sirklar og kommunen på omdømmebygging og rekruttering til næringa vil styrke potensialet for vidare utvikling.

Utdanningssystemet må engasjerast sterkare for å styrke rekruttering til den marine næringa. Utvikling av næringa med meir satsing på bioteknologi vil få fleire ungdommar i Sund til å satse på utdanning og yrke innanfor dette området.

5. Folkehelse

Mykje av grunnlaget for god helse i oppveksten og gjennom heile livsløpet vert lagt i barne – og ungdomsåra. Folkehelsearbeidet handlar om å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, førebygge sjukdom og skader, og utvikle samfunn som fremjar fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking.

I folkehelsearbeidet har fokus dei siste åra skifta frå det som gjer oss sjuke til fokus på det som gjer oss god helse, og meistring eller myndiggjering, den enkelte si evne til å oppnå kontroll over eige liv. Dette gjeld også i framlegget til ny folkehelselov der ansvaret for folkehelsearbeidet vert lagt til *kommunen*, ikkje einssidig til helsetenesta slik som i gjeldande lovverk. Det inneber at alle kommunale tenesteområde får eit medansvar for folkehelsearbeidet.

Idrettslaga gjer ein særleg innsats i det helsefremjande arbeidet. I dei komande åra blir det viktig å styrke samarbeidet mellom kommunen og idrettslaga for å nå grupper som i dag i liten grad tek del i dei organiserte aktivitetane.

Kommunestyret har vedteke at kommunen og fylkeskommunen skal inngå avtale om partnerskap for folkehelse, noko som vil utløyse midlar til ein folkehelsekoordinator (deltid). Koordinatoren vil få ei viktig rolle som bindeledd mellom kommunen og lag og organisasjonar.

Det er eit mål å oppnå systematisk, forpliktande og heilskapeleg folkehelsearbeid. Skal ein lukkast, må mange aktørar i samfunnet mobiliserast. I denne samanhengen er den fysiske og psykiske helsa like viktig.

Eit nytt og samhandlande verkemiddel i dette arbeidet er utvikling av frisklivssentral. Denne vil fungere som utgangspunkt for tverrfagleg samarbeid blant kommunale helseaktørar og vil vere ein stad for å utvikle alliansar med frivillig sektor.

Satsinga på folkehelse skal skje innafør rammene av samhandlingsreforma. Viktige mål for samhandlingsreforma er:

- Auka livskvalitet og redusert press på helsevesenet gjennom satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid

- Dempa vekst i bruken av sjukehusenester ved at ein større del av helsetenestene skal kunne ytast i kommunehelsetenesta
- Meir heilskapeleg og koordinerte tenester til pasientar og brukarar gjennom forpliktande samarbeidsavtalar og avtalte behandlingssløp

6. Kultur

Sund kommune har ei rik kulturhistorie og unike kulturminne. Kommunen har eit mangfald av frivillige lag som gjer ein formidabel innsats for det lokale kulturlivet.

Kvalfestivalen og aktiviteten på Trellevik kystkultursenter set kommunen på kartet som kystkulturkommune. Periferifestivalen er blitt merkevare for Glesnesbygda og for Sund kommune. LivOGLystprogrammet Plan Periferi har som mål å auka trivsel og bulyst i bygdene i ytre Sund. Det vert satsa på å utvida eksisterande aktivitet, samordning av gode tiltak og profesjonalitet i samarbeidet. Kulturtiltaka skal vere opne og inkluderande.

Arbeid med bygdesoge for Sund er godt i gang. Den vil bli viktig for å dokumentere kommunen sin historie og styrke innbyggjarane sin slektsidentitet.

Sund kommune skal legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at barn, unge og vaksne kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Dette er eit mål lokalt og ved regionalt samarbeid gjennom IKKUS (interkommunalt kultursamarbeid).

Kommunen vil arbeide målretta for at kulturskulen skal få ei positiv utvikling i planperioden. Det vert og viktig å leggja til rette for at det einaste korpset for barn og unge i Sund får økonomisk støtte til drifta.

Det er eit mål å styrke aktiviteten på Trellevik for barn og unge i planperioden.

7. Utdanning og opplæring

Det er lang tradisjon for å satsa mykje ressursar på opplæring i Sund, mellom anna ved å halda på ein skulestruktur med småskular i alle krinsane. I planperioden vert det vurdert å redusere talet på barneskular utan å svekke satsinga på opplæring av barn og unge. Ei sentralisering av skuletilbodet vil kunne gje meir ressursar til nybygging, styrka leing og kompetasebygging blant dei tilsette.

Frå sentralt hald vert det i større grad enn tidlegare fokusert på kvalitet, og om kommunen som barnehage – og skuleeigar prioriterer dei tiltaka som i størst grad har innverknad på kvalitet og resultat i opplæringa.

På skuleområdet leverer Sund kommune resultat litt under gjennomsnittet i Hordaland på nasjonale prøver og på eksamen i grunnskulen. Det må vera ei målsetting for skulen å betre resultatata på kjerneområda og basisfaga.

Kommunen må følgje opp med målretta kvalitetsutvikling innan for kjerneområda til skular og barnehagar.

Regionen har hatt ei satsing på ungdomssteget for å styrke samarbeidet mellom skulane og verksemdene i regionen. Prosjektperioden er over, men det blir viktig å vidareutvikle den praksisnære undervisninga i samarbeid med Gode sirkclar og ungdomsskulane i nabokommunane.

Vaksenopplæringa er administrativt lagt til Sund ungdomsskule. Kommunane i regionen vil truleg ha nytte av eit tettare samarbeid om vaksenopplæringa. Sund kommune vil ta initiativ til eit slikt samarbeid i planperioden.

8. Barn og unge – førebyggjande tiltak

Sund skal vera ein føregangskommune når det gjeld førebygging.

Tidleg intervensjon, tiltak basert på kunnskap, og samarbeid og samordning skal vera styrande for det førebyggjande arbeidet retta mot barn, unge og familiar. Forsking viser at det må satsast både med breie tiltak for alle, og meir spesielle tiltak retta mot risikofamiliar.

Alle i Helsetenesta og Hjelpetenesta skal i samarbeid med tilsette i barnehage og skule, foreldre, lag og organisasjonar, politiet og kyrkja, satsa på førebyggjande tiltak.

Kommunen har sett i verk eit eige førebyggingsprosjekt for barn og unge i perioden 2009 - 2012 der ein har særleg vekt på tidleg oppdaging og innsats generelt, men med hovudvekt på risikofamiliar og aldersgruppa 0 – 3 år.

Ungdomskontoret er ei ny satsing i kommunen. Kontoret er eit lavterskeltilbod til alle ungdommar i Sund. Her kan ein søke hjelp og rettleiing på område som helse, kultur, barnevern, utdanning og arbeid. Kontoret kan vise til gode resultat ved at fleire har fullført utdanning og fått læreplass eller ordinært arbeid. Det blir eit mål å få vidareført satsinga etter at prosjektperioden og den ekstrne finansieringa er borte.

Eit teikn på om ein har lukkast med førebyggingsarbeidet på lang sikt vil vera om fleire ungdommar til å fullføre vidaregåande opplæring og kvalifisere seg til ordinært arbeid.

9. Eldre - førebyggjande tiltak

Eldre i Sund er ein ressurs, og kommunen skal legge til rette for at eldre kan delta aktivt i samfunnslivet. Etablering av eit seniorsenter i kommunen vil vera ei viktig satsing for denne gruppa.

I åra framover vil den eldre del av befolkninga auka, frå 610 personar over 67 år i 2009 til 980 i 2020. Størst auke vert det i gruppa 67 – 79 år. Dette vil i hovudsak vera folk med relativt god helse og dei vil vera ressurssterke. Målet vert å leggja til rette med tilbod slik at flest mogeleg held seg friske og sjølvhjelpne lengst mogeleg.

Den komande Samhandlingsreforma legg opp til at kommunane i større grad enn tidlegare skal sørgja for ei heilskapleg tenking med førebygging, tidleg intervensjon, tidleg diagnostikk,

behandling, rehabilitering og oppfølging. Desse prinsippa er nedfelt i gjeldande Eldreplan for Sund kommune.

Samhandlingsreforma vil krevja interkommunale løysingar og godt samarbeid med spesialisthelsetenasta.

Det er god førebygging å bu i lettstelt bustad når ein vert eldre. Dei fleste innbyggjarane i Sund bur i einebustad med hage. Med å leggja til rette for lettstelte bustader sentralt i kommunen, kan det vera med på å utsetta behov for hjelp.

10. Deltaking for alle – universell utforming.

Sund kommune skal arbeide aktivt for at alle innbyggjarane skal ha same moglegheit til personleg utvikling, deltaking og livsutfolding. Både i planlegging og iverksetjing skal ein fremja tiltak som aukar tilgjenge og universell utforming i alle offentlege rom både innan- og utadørs.

Personar med nedsett funksjonsevne skal ha god tilgang på helse-, omsorg- og sosiale tenester. Kommunen skal arbeide for gode lokale og regionale velferdsordningar og leggja til rette for auka sysselsetting for denne gruppa i offentleg og privat verksemd.

11. Samferdsel

Det har vore gjort eit stort løft dei siste åra med vegutbetring og trafikksikring i samband med utbygging av vatn og avlaup i kommunen. Kleppe – Klokkekarvik – Skogsvåg, Telavågvegen og Eide – Vorland har fått god vegstandard og gode forhold for gåande og syklende.

Viktige vegoppgåver i planperioden er utbetring Vorland –Stranda og Eide – Spilde. Avgjerande for å lukkast med framdrift i desse vegsakene er vidareføring av eit stort politisk engasjement og eit tett samarbeid mellom kommunen, Sund VA, og regionale – statlege vegmynde.

Det er og viktig at ein held trykk på framdrifta i Lerøy – Bjelkarøy – Hjellestad sambandet, og at innbyggjarane i Sund kommune sine interesser i Sotrasambandet vert ivareteke på ein god måte.

Kommunen skal vera pådrivar for auka satsing på kollektiv transport. Eit betre busstilbod er viktig for at barn, unge og eldre kan delta på aktivitetar og i kulturlivet i Sund.

12. Samarbeid i regionen

Auka press på kommuneøkonomien og krav om effektivisering og utvikling av tenestene gjer det aktuelt å styrke det regionale samarbeidet. Ein føresetnad for eit vellukka samarbeid vil vera at kommunane går inn i samarbeidet som likeverdige partar.

Samarbeidet i Region vest har hatt ein god start. Aktuelle samarbeidsprosjekt så langt har vore barnevern, samhandlingsreform, tilsyn i barnehagane, kultur og IKT.

Sund kommune vil vera ein aktiv deltakar i det regionale samarbeidet, men det må vurderast kritisk kva for kostnader dei ulike prosjekta vil ha for kommunen.

13. Den kommunale organisasjonen

Sund kommune skal vera ein serviceorientert og brukarvenleg kommune. Vi skal lytta til behov og ynskje som kjem frå innbyggjarane gjennom brukarinformasjon. Dette vert stadfesta i kommunen sin visjon:

Vi finn løysingar i lag

og kjerneverdiane

kompetent, løysingsorientert, raus og tilgjengeleg

Sund kommune skal til ei kvar tid – innanfor rammene som er stilte til disposisjon, nytta ressursane til beste for innbyggjarane. Kommunen skal gjennom målretta innsats ha kontrollert og god økonomistyring, slik at organisasjonen har sunn økonomi som gjev rom for at politikarane og administrasjonen har handlefridom.

Ein rapport frå KS konsulent syner at organisasjonen har fleire forbetningspunkt når det gjeld samhandling mellom politisk og administrativt nivå, effektiv organisering og ressursutnytting, og budsjettstyring. Det vert ei viktig målsetting i perioden og styrke samhandlinga mellom politisk og administrativ leining, og få på plass ein meir robust og bærekraftig organisasjon.

Barn og unge

Mål

Sund kommune har som mål å skapa gode oppvekstmiljø med vekt på trivsel, tryggleik og gode relasjonar.

Sund kommune har tradisjon for å satsa på barn og unge. Dette arbeidet skal vidareførast. Det er eit overordna mål i Sund kommune å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår. Ein god oppvekstpolitikk legg vekt på barn og unge sine særskilde behov, interesser og ressursar i arbeidet med å skapa gode oppvekstvilkår.

Når barn og unge vert utfordra til eige engasjement, kan det motverka tendensar til passivitet og auka ansvarskjensle. Det er såleis ei sentral målsetting å leggja til rette for prosessar der synspunkt og meiningar frå dei unge kjem fram og vert tekne omsyn til.

Nærmiljøet er arena for fri leik og eit mangfald av aktivitetar. Det skal leggjast til rette for trygge og utfordrande leikemiljø, som stimulerer til fysisk aktivitet og meistring.

Ungdomsgruppa har andre behov enn dei yngre borna. Mange tek del i eit mangfald av organiserte aktivitetar gjennom idrettslaga. Utbygging av ballbingar og nærmiljøanlegg legg til rette for at ungdom som ikkje ønskjer å ta del i organisert idrettsaktivitetar likevel kan vera fysisk aktive.

Etablering av rockeklubben i Sjøsportssenteret vi ha stor verdi for musikkinteressert ungdom og miljøet rundt. Det er lagt opp til at ungdommen sjølv kan vera med og styra klubbaktiviteten og såleis få eigarskap til drifta og til utvikling av klubben. Det same gjeld for sjøsportgruppene og speidarane som held til i same hus.

I 2010 vart det etablert ungdomsråd i kommunen. Det er viktig å få til god aktivitet i rådet, slik at interessene til ungdom i Sund vert ivareteken på ein god måte og at nye tilbod vert utvikla med utgangspunkt i innspel frå ungdomsrådet.

Førebygging av vald, mobbing, kriminalitet og rus er ei sentral oppgåve i barne – og ungdomsarbeidet. Ein viktig føresetnad for at vi skal lukkast i det førebyggjande arbeidet er at dei unge sjølv vert utfordra til å delta. Skule og barnehage er viktige arenaer for haldningsskapande og førebyggjande arbeid. Lærarar, foreldre, og dei unge skal oppmuntrast til å gå saman om aktivitetar som styrkjer samhald og oppleving av meistring.

Sund kommune sine satsingsområde for barn og unge:

Medverknad

- leggja vekt på tverrfagleg samarbeid og medverknad frå barn og unge, foreldre, lag og organisasjonar i utviklinga av tiltak
- etablera ungdomsråd for medverknad i planarbeid, tilbod og tiltak
- utvikla brukarorienterte barnehagar, og leggja til rette for fleksible tilbod, god service og brukarmedverknad

Førebyggjande arbeid

- gje rett hjelp og omsorg til barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling
- tidleg innsats for å hindre skeivutvikling skal ha prioritet
- sikra eit godt barnevern og utvikla målretta tiltak mot rusmisbruk og åtferdsproblem
- utvikla tilrettelagde tiltak for barn og unge med psykiske problem, - gjerne i samarbeid med andre kommunar
- arbeida aktivt mot mobbing i barnehagar og skular
- vidareutvikle innhaldet i ungdomskontoret
- delta aktivt i det interkommunale barnevernssamarbeidet

Kultur og fritid

- utvikla leikemiljø i bygdene som fremjar barn og unge sin eigenaktivitet og kreativitet
- leggja vekt på å få med ungdom i utvikling av varierte tilbod og aktivitetar.
- arbeida aktivt i samarbeid med lag og organisasjonar for å utvikla fritidstilbod i samsvar med nye interesser og behov

- skapa fleire møteplassar sentralt i kommunen
- opna Sundhallen for til leik, fysisk aktivitet og kulturtilbod
- vektlegga kultur i opplæringa i barnehage og skule
- legge betre til rette for kulturskuleaktivitetar på skulane
- vidareutvikle samarbeidet mellom biblioteket og barnehagar og skular
- styrking og utviding av kulturskuletilboda
- kulturplanen 2012-2022 skal prioritere tiltak for barn og unge

Utdanning

- innfri statlege føringar om full behovsdekking av barnehageplassar
- oppgradera den fysiske standarden på skulebygga
- inkludering av alle barn skal vera grunnleggjande prinsipp i skular og barnehagar
- større fokus på kvalitet og resultat i barnehagar og skular
- følgje opp kvalitetsutvikling i barnehagane etter planen ”Små føter store steg”
- utvikle godt samarbeid mellom kommunale og private barnehagar
- utvikle samarbeid med verksemder om praksisnær undervisning på ungdomssteget
- utvikle ein godt samarbeid mellom ungdomsskulen, ungdomskontoret og Sund vg. skule
- gje barn og unge eit attraktivt og variert tilbod i musikk- og kulturskulen
-

Folkehelse

- legge til rette for ein god dialog med lokale lag og organisasjonar for såleis å kunne vere med og påverke til auka fysisk aktivitet og friluftsliv i kommunen
- utvikla samarbeid mellom helsetenesta, barnehagane og skulane om tema kosthald og sunn livsstil
- open Sundhall – aktivitetar for alle
- legge til rette for at fleire elevar går eller sykklar til skulen

Samarbeid/samhandling

- ta i bruk kvalitetsindikatorar og brukarundersøkingar som verktøy i vurderinga av kvalitet i hjelpetenestene, barnehagane og skulane
- utvikle samarbeidet mellom ungdomskontoret og andre tenester for barn og unge
- samarbeida med fylkeskommunen om å få etablert undervisningstilbod som inneber nytenking og utvikling opp mot faglege satsingsområde i Sund (td marin næring)
- gje elevar frå Sotra vidaregåande skule, avd. Sund tilbod om lærlingplassar i kommunen – og samarbeida med dei private verksemdene om eit slikt tilbod
- samarbeida med kommunane i regionen om barnevern, kulturtiltak, tilsyn i barnehagane og vurdering i skulane

SAMFUNNSTRYGGLIEN OG BEREDSKAP

Kommunen si planlegging skal fremja samfunnstryggjeik. Tiltak for å førebyggja risiko for skade og tap av liv, helse og miljøverdiar skal vektleggjast i planlegginga. Det same gjeld tiltak for å førebyggja skade på viktig infrastruktur og andre materielle verdiar. Dei formelle lovkrava til kommunen si planlegging i høve til samfunnstryggjeik er vesentleg skjerpa dei seinare åra.

MÅL:

Sund kommune skal i si planlegging og si verksemd leggja vekt på førebyggjande tiltak som er med på å styrka samfunnstryggjeiken i kommunen. Tiltak for å styrka kompetanse og sikra god forankring av mål om samfunnstryggjeik hjå politikarane og dei tilsette skal gjennomførast.

Alle kommunale verksemdar skal vurdere risiko knytt til uynskte hendingar – for slik å ha eit grunnlag for iverksetting av førebyggjande tiltak. Vurdering av øvingar og hendingar knytt til normal verksemd skal sikra grunnlag for oppdatering og forbetring av planar knytte til samfunnstryggjeik.

Sund kommune skal ha ein beredskapsplan som tydeleg viser korleis kommunen si kriseleiing er organisert og korleis kriseleiinga vert samankalla. Beredskapsplanen skal gje oversyn over tilgjengeleg planverk og innsatsressursar som kan gje støtte når alvorlege uynskte hendingar skal fylgjast opp.

PRINSIPP FOR ARBEIDET MED SAMFUNNSTRYGGLIEN I SUND

Den som har ansvar for ei verksemd eller teneste i det daglege, har og ansvar for verksemda sitt førebyggjande arbeid – med risikovurdering, beredskapsplanlegging og oppfylging av krisesituasjonar.

Ei krise skal så langt råd er løysast der ho oppstår. Verksemdsleiar må likevel varsle overordna om auka risiko knytt til krisehandteringa.

Den organiseringa som gjeld i dagleg drift av kommunen – skal så langt råd er også nyttast i ein krisesituasjon.